



# LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

## ÅRSMELDING 2013

Årsmøte i lagshytta på Kleppa  
fredag 28.februar 2014 Kl.19:00



Barnehagen på Flotande - utdeling av gratis fiskestenger til alle barna

Foto: Leikanger jfl

Jakt-, fiske- og friluftsliv-glede til alle – for alltid!

# ÅRSMØTE

Lagshytta på Kleppa

Fredag 28. februar 2014 kl. 19:00

## SAKLISTE:

1. Godkjenning av møteinkalling.
2. Val av møteleiar og skrivar.
3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.
4. Årsmelding.
5. Rekneskap.
6. Val.
7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.

*Forslag frå styret: Ole Simen Nesdal, Ingeborg Sivertstøl og Svein Inge Lundheim.*

8. Medlemskontigenten 2014.

*Forslag frå styret: Ingen auke i 2015*

9. Info. om aktivitetar i 2014.

*Aktivitetar i 2014*

*Info. om hjortejakt i Luster Kommune.*

10. Innkomne saker.

Ungdomsansvarleg i NJFF-Sogn og Fjordane,

Alf Erik Rørvik

informerer om nytt frå NJFF

Etter årsmøte vert det enkel servering,  
framSYNING av jaktfilm  
og sosialt samvær!

Nye og gamle medlemmar velkomne!

# **Leikanger Jakt- og Fiskelag**

## **ÅRSMELDING 2013**

**Styret** har i 2013 vore samansett som følgjer:

Leiar: Svein Inge Lundheim  
Nestleiar: Ole Simen Nesdal  
Kasserar: Håkon Nesse  
Sekretær: Kjell Erik Strand  
Kvinnekontakt: Marianne Vara  
Varamedlem: Sverre Fjøsne

I tillegg møter leiarane for utvala på styremøte (sjå side 4).

Ved årsskiftet hadde laget 328 medlemmer, som utgjer ca.14,5 % av innbyggjarane i Leikanger Kommune. Det er ein medlemsauke på 2 i 2013.

### **Møteaktivitet:**

Det er halde 1 styremøte der det vart handsama til saman 13 saker.

Leikanger jfl er fortsatt representert i Sogn og Fjordane NJFF i året som har gått. Per Norstein er leiar i fylkesstyret, Oliver Prøven er leiar i hundeutvalet for *hårvilt* og Svein Inge Lundheim er leiar i fylkesutvalet for *jaktskyting*.

Ved årsmøte i NJFF-Sogn og Fjordane 15.-16. mars i Balestrand var Bjarne Sjøthun, Per Olav Henjum og Svein Inge Lundheim utsendingar frå Leikanger jfl.

Kjetil Berg representerer Leikanger jfl i ”folkehelserådet” i Leikanger Kommune.

### **Generelt:**

I 2013 kan me også konstantera at året hadde vore eit positivt år for Leikanger Jakt- og Fiskelag. Til liks med åra før har det vore gjennomført ei rekke tiltak – me viser til ei oppsummering av aktivitetar annan stad i årsmeldinga. Men sett frå styret sin ståstad, har året vore prega av større konkurranse frå ”Saften” og andre om deltakarane på aktivitetane. Det viser også at familieaktivitetar fortsatt samlar flest deltakrar. I framtida må laget gå inn i meir samarbeid med speidaren, Barnas Turlag og andre.

Laget har vist at det maktar å gjennomføre gode tiltak. Tilliten dette skapar gjev grunnlag for nye positive tilsegn. Styret nyttar høvet til å takke alle som bidreg i prosjekt og aktivitetar av ulike slag.

Økonomisk har også 2013 vore eit godt år. Det tryggar drifta på alle måtar. Samstundes har mykje av inntektene kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor.

### **Gåver, tilskot og dugnadsinntekter:**

Ei stor takk til våre samarbeidspartnarar som me har fått tilskot/støtte frå:

• Norsk Tipping - Grasrotandelen	13.410,-kr
• Link Bingo	144.449,-kr
• Leikanger Kommune – tilskot frå kulturmidlane	5.000,-kr
• NJFF-Sogn og Fjordane: Barn- og ungdomsprisen	5.000,-kr
• NJFF- ”Fiskesommer”	11.000,-kr
• NJFF- barn- og ungdomsarbeid i 2013/14:	33.422,-kr
• 13 stk stadnamnskilt til turstien: Skiva – Dalhjella – Stokksete	5.200,-kr
• Sogn Avis – sponsoravtale med gratis annonsering inntil (eks.mva.)	15.000,-kr

I tillegg vil laget rette ei stor takk til Lerum, Marine Harvest, Årskog Bakeri, Leikanger Bokhandel, Sogn Tavle og Datamonitoring, Kiwi, Prix, Coop-Byggmix, Bama, Sogn Røyr og andre bedrifter som bidreg med støtte til lagsarbeidet vårt.

I 2013 har laget gjort ein del invisteringar og innkjøp av:

- Innleidt arbeidskraft og material til kastarhus, vedhus/lager og overbygg over inngang.
- Grastrimmar og elektrisk gjerde.
- Div. matter (dør-, golv- standplassmatter)
- Beretta hagle (brukt)
- Skot og leirduer.
- Hundefør.

### Kurs, trening og konkurransar:

- Jegerprøvekurs – 12 deltagarar.
- Bra aktivitet m/instruksjon på leirduebana.
- Skytetrening på jaktfelt.
- 1 kurs i aversjondressur (el.halsband) -
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår.
- ”Indre Sogn Cup” (50 skot) i lag med Luster jfl.
- Lagsmeisterskap i jegertrap og leirduesti.
- Duellen mellom skyttarlaget og jakt og fiskelaget.
- Vårsprellen- sjøfiskekonkurranse.
- Fiskekonkurranse på Fjærlandset.
- Partering av storvilt med Torodd Kvam.
- Blodsporkonkurranse - 12 stk deltagarar.
- Feltkontrollørkurs – arrangør Norsk Hjortesenter.

Som det går fram av opplistinga over, har det vore bra aktivitet på leirduebana. Instruktørar og standplassansvarlege på leirduebana har vore Odd Reksnes, Emil Røysum Skartun, Nils Olav Langeteig, Per Norstein, Håkon Nesse, Ole Simen Nesdal og Svein Inge Lundheim.

På fiskekonkurranse på Fjærlandste fekk Gjermund Høgheim største auren(409g) på flugestang og fekk napp i vandrepokalen ”Flugefiskaren”. Den største auren på 586g i konkurransen fekk Eivind Røysum og flest fisk fekk Eivind Røysum og Gjermund Høgheim med 12 stk kvar.

Vinnaren av ”Vårsprellen” vart Ivar Ness med ein lvr på 2094g.

Frode Husum vart lagmeistar og vinnar i seniorklassen i både jegertrap og leirduesti med 24 tr. i begge. Jørn Fosen Simonsen vart vinnar i jegerklassen i jegertrap med 20tr. og Terje Verlo vart best i jegerklassen i leirduesti med 15tr. Arve Lingjerde vart vinnar i juniorklassen i både leirduesti med 17tr. og i jegertrap med 21tr.

Joakim Langeteig vart beste junior med 93 tr. og nr.2 totalt i ”Indre Sogn Cup” etter omskyting. I finalen i ”Sogn og Fjordane cup 2013” (jegertrap) vart Arve Lingjerde nr.2 i D2-klassen med 20tr. og Aleksander Langeteig vart nr.2 i D1- klassen med 15tr.

I ”Våpenlofte cup 2013” (jaktfelt) vart Frode Husum nr.2 i klassen JA/JB med 413p. Helge Fimreite vart nr.3 i klassen JC med 346p.

I FM-jegertrap vart Arve Lingjerde beste junior med 68 tr. I lagskyting fekk Leikanger jfl brons med 136 tr. Med på laget var: Nils Olav Langeteig, Frode Husum og Joakim Langeteig. I FM-leirduesti fekk Leikanger jfl. sølv i lagskyting med 112tr. Med på laget var: Arve Lingjerde, Frode Husum og Joakim Langeteig.

I Duellen vann Jakt- og fiskelaget lagkonkurranse med 413 poeng mot skyttarlaget`s 382 poeng og fekk vandrepokalen til odel eige. Emil Røysum Skartun vart ”Systronds beste skyttar” med 46 treff samanlagt og Frode Husum vart best på leirduebana med 24 treff. Arvid Brennset vann på 200M med 245 poeng.

I rovviltnokonkurranse vart Per Røysum klar vinnar av mårklassen med 6 mårar. Ellers hadde Terje Verlo 2 mårar. Per Røysum trekte gåvekortet på 900,-kr. I klassen for rev hadde Per Røysum 5 revar og den største på 6595g. Elles hadde Terje Verlo 3 revar. Ved trekkinga av gåvekortet på 900,-kr vart Terje Verlo vinnar.

1. juni arrangerte Leikanger jfl blodsporprøve. Det vart lagt 6 løyper i Kleppaområde og 6 løyper i Njøsadalen

## Jaktprøvar og utstillingar for hundar:

**ES Epleskogens Adam** og oppdrettar Øyvind Husabø fekk: 1. VK m/cacit på Filefjell, 1.VK kval. Raggesteindalen. Sølvhundprøven på Kongsvold ga 2.VK semi og 1.VK finale og vart med desse resultata, *Norsk jaktchampion*.

**ES Vigdaættas Ekko** og eigar Bjørn Monsen fekk: 4.VK finale Raggestein og 1.VK kval. Kongsvold (Sølvhundprøven), var med i finalen i NM på Kongsvold, og *Norsk jaktchampion*. For å verta *Norsk jaktchampion* må hunden ha min. 25 p. på jaktprøve og min 1. pr. på utstilling.

**Breton Zeus** og eigar Kåre Vangelsten deltok på fellesutstillinga for fuglehundar i Vissenbjerg 9.juni 2013. Der fekk **Zeus**: Excellent, 1.BHK m/CK, 2. BHK m/Certifikat. Sidan **Zeus** var *Norsk Utstillings Champion* i 2012, vart han med dette også *Dansk Champion*.

**Nsvch Desprados Tingeling** og eigar Elin Anita Gjerde fekk: Godkj.apport prøve, godkj. Ferdselprøve, 7x1.pr.spor, 2xhp spor, 2x prøvevinnar, klubbmistar spor. *Utstilling*: 5 x ck, 1 x cert, 1 x bir, res.Cert NKK, 4 x bir veteran, 2 best in show veteran, 2 pr. lydighet kl.2, opprykk til kl.c i brukshund spor.

**Nvh Fjordgløtt Bonnie** og eigar Elin Anita Gjerde fekk: 2 x 1.pr. spor, 1 x prøvevinnar. *Utstilling*: 3 x ck, 1 x cert, 1 x bir, 1 x Big3, Res.Cert Nkk, Casib Nkk.

## Instruktørar:

Jegerprøvekurset er ein av dei viktigaste kursa me held. Jegerprøveinstruktør-korpset på fem består av Inge Yttri , Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse, Per Norstein og Sverre Fossen.

Kim Vidar Bakken er småvilttaksør.

”Godkjente” instruktørar i hagleskyting er Emil Røysum Skartun og Nils Olav Laneteig. Instruktørar i aversjondressur er Kurt Laneteig, Bjørn Monsen, Øyvind Husabø, Jon Husabø og Robert Brenden.

## Andre aktivitetar:

Også i 2013 er ei lang rekke meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført. Desse er lista opp under.

Leikanger jfl har fortsatt ”partnarskapsavtalen” med barnehagane i Leikanger Kommune. Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden og fisketur til Flotande. På fisketuren til Flotande fekk alle barn utdelt kvar si ny haspelstang frå jakt- og fiskelaget. Når mange av desse aktivitetane går på dagtid er det godt å ha ivrige pensjonistar og andre i medlemsrekken som stiller opp og hjelper til. Stor takk til Kjell Vangsnes, Inge Yttri, Sverre Fossen, Leif Frækaland, Ivar Ness, Oddvar Lundheim, Arne Rosenlund, Steinar Næss, Eivind Røysum og Torbjørn Strømseng. I tillegg var Bjarne Sjøthun, Kjetil Berg og Svein Inge Lundheim med frå styret.

- Medlemskveld m/isfiske som tema.
- Isfisketur til Dalavatnet.
- Fisketur med barnehagen på Flotande. (Partnarskapasavtale)
- Livet i Pilavika m/fiskeklubben, aktivitetsdag for alle.
- Garnfiske med barnehagen. (Partnarskapasavtal).
- Fisketur med 7.klassen til Flotande.
- Friluftsdag på Kleppa i lag med kommunen og speidaren.
- Fiskesommer i småbåthamna: verving og utdeling av gratis fiskeutstyr til barna.
- Stenden vår på ”Fruktbare dagar”, er vorte svært populær og ein av dei mest besøkte.
- Div. dugnad er gjennomført i året som er gått, omlag 15-20 har delteke. I fare for å gløyma nokon, vert ikkje nokon nemde.

## Andre tilbod til medlemmene:

Leikanger jfl forhandlar fortsatt ”Sportsman`s pride” hundefør. Det er 4 typar hundefør i 15kg sekker som er til salg til medlemar i NJFF. Salget går fortsatt gått og i 2013 er det selt 4080kg hundefør, 240kg kattefør og i tillegg kjem sal av førtønner og hundekjeks.

46 medlemmar nyttar høve til å kjøpa seg ei lagsjakke m/logo til godt redusert pris hjå Erling Røysum. 23 tillitsvalde vart i tillegg sponsa med 200,-kr av Leikanger jfl.

Leikanger Jakt- og Fiskelag har 15% rabattavtalar for medlemane med Ering Røysum og Intersport i Sogndal ( gjeld jakt-, fiske- og friluftsutstyr hjå begge).

I desember gjennomførde me eit vellykka kurs i røyking av regnbogeaure, med Kjetil Berg som ansvarleg. 20 deltakarar var med på heile prosessen: filetering, salting, tørking, røyking og vakumpakking.

Leikanger jfl inngjekk ein ny avtale med Per-Arvid Hauge om kjøp av 5 stk hjorteløyver i Luster Kommune. Til saman 11 jegrar var med å jakta i 4 dagar. Det vart felt ei kolle og ein kalv første jaktdagen og mesteparten av kjøtet vart seldt. Fleire av jegrane som er med, gjekk på *feltkontrollørkurset*.

I 2013 har det vore 16 overnattingar i Trastadalshytta. Det vart utført dugnadsarbeid på Trastadalshytta av Kjetil Berg, Eivind Røysum, Kim Vidar Bakken og Rune Wolff.

Lagshytta, badestampen og leirduebana har vore leigt ut både til medlemmer, bedrifter og andre.

Det vart arrangert *viltaften* med 13 deltakarar, som fekk servert kjempegod hjortegryte lagd av Kjetil Berg.

Samlinga av utstoppa dyr og fuglar i lagshytta på Kleppa består no av: jerv, oter, raurev, gråspett, mår m/gauk i kjeften, sporvehauk, kattugle, tiur, nøtteskrike og 2 røysekattar.

## **Utvala i 2013**

### **FISKEUTVALET**

Leiar: Jan Magne Vigdal

Medlem: Lounes Riise

Medlem: Kevin Viken

Medlem: Eivind Røysum

### **JAKTUTVALET**

Leiar: Bjarne Sjøthun

Medlem: Per Olav Henjum

Medlem: Per Norstein

Medlem: Terje Verlo

### **LEIRDUEBANEUTVAL**

Leiar: Svein Inge Lundheim

Medlem: Odd Reksnes

Medlem: Emil Røysum Skartun

Medlem: Nils Olav Langeteig

### **UNGDOMSUTVALET**

Leiar: Kjetil Berg

Medlem: Bjørn Ove Steig

Medlem: Steinar Henjum

Medlem: Ole Simen Nesdal

### **HUNDEUTVALET**

Leiar: Jon Husabø

Medlem: Bjørn Monsen

Medlem: Øyvind Husabø

Medlem: Kurt Langeteig

# LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

## REKNESKAPEN 2013

	2013	2012	2011
<b>UTGIFTER</b>			
Kontor / Rekvisita	3 767,19	14 991,25	2 855,95
Kontingenter	2 590,00	900,00	650,00
Kurs/møter/seminar	3 943,80	15 969,20	13 749,10
Trastadalshytta	579,40	3 188,10	0,00
Drift leirduebane	60 910,15	64 993,35	47 373,70
Drift lagshytte	25 956,92	58 572,17	20 760,53
Eigne kurs	5 256,50	6 076,00	8 974,23
Barn/ungdomsarbeid	13 245,50	13 924,00	8 850,24
Fiskekonkurransar	1 051,00	0,00	2 111,20
Diverse utgifter	140 346,61	86 674,89	151 361,83
Dugnadsarbeid	1 318,80	0,00	553,50
Hundeaktivitetar	760,00	1 384,50	0,00
Renter	4 768,00	5 483,00	6 998,00
Jente/kvinneaktivitet	0,00	842,00	0,00
Dyrefor	71 545,00	93 243,00	87 969,00
Jakt og fangst	19 532,00	15 840,00	0,00
Nybygg	162 131,03		
<b>Sum utgifter</b>	<b>517 701,90</b>	<b>382 081,46</b>	<b>352 207,28</b>
<b>INNTEKTER</b>			
Renteinntekter	6 103,00	2 885,00	4 009,21
Sponsor/Gaver/Norsk tipping/Bingo	162 858,70	137 752,46	36 587,10
Kontingent	15 960,00	14 525,00	13 440,00
Eigne kurs	22 492,00	34 986,00	40 036,00
Fiskekonkurransar	2 630,00	1 550,00	2 450,00
Diverse inntekter	94 436,00	9 657,20	18 875,75
Trastadalshytta	1 525,00	2 500,00	2 200,00
Drift Leirduebane	67 706,00	56 075,00	44 857,50
Drift lagshytte	20 300,00	18 900,00	19 900,00
Barn/ungdomsarbeid	49 422,00	54 985,00	43 700,00
Jente/kvinneaktivitet	0,00	5 500,00	8 450,00
Dugnadsarbeid	6 475,00	6 200,00	5 600,00
Kontor / rekvisita	0,00	8 045,00	0,00
Dyrefor	95 370,00	97 116,00	113 300,00
Hundeaktivitetar	5 700,00	7 200,00	0,00
Jakt og fangst	8 597,50	3 770,00	0,00
Kurs/møter/seminar	0,00	1 010,00	0,00
<b>Sum inntekter</b>	<b>559 575,20</b>	<b>462 656,66</b>	<b>353 405,56</b>
<b>Overskot</b>	<b>41 873,30</b>	<b>80 575,20</b>	<b>1 198,28</b>
<b>AKTIVA PR 31.12.2013</b>			
Sparebanken Sogn og Fjordane	254 713,54	273 511,24	227 719,04
Fiskeutstyr / Fluestenger	5 811,00	6 456,00	7 173,00
Skot, duer, premiar, artiklar for sal	47 400,00	43 813,75	34 902,00
4 stk lavvo, div leirutstyr og feller	24 221,00	26 912,00	24 080,00
Lagshytte/3 stk kastarhus/vedhus-lager (teknisk verditakst)	1 830 000,00	1 700 000,00	1 700 000,00
Leirduekastar m/ utstyr + omformar	77 829,00	86 476,00	85 018,00
Videospelar/overhead/stativ/lerret	4 625,00	2 916,00	3 240,00
DVD, 2 projektor, høgtalar, skrivar/kopimaskin, bærbar PC	16 409,00	12 676,00	14 085,00
Kasse	895,00	995,00	1 665,00
5 stk hagler + luftgevær	27 383,00	24 314,00	14 793,00
Hundefor	9 990,00	32 070,00	20 390,00
Utstoppa dyr og fuglar	39 150,00	43 500,00	40 000,00
Quick-telt, gummibåt, 2 stk el-halsbånd	20 250,00	22 500,00	25 000,00
<b>Sum aktiva</b>	<b>2 358 676,54</b>	<b>2 276 139,99</b>	<b>2 198 065,04</b>
<b>PASSIVA PR 31.12.2013</b>			
Lån pr 01.01.2013	65 943,00	100 726,00	108 624,00
Avdrag	-60 671,00	-34 783,00	-7 898,00
Lån pr 31.12.2013	<b>5 272,00</b>	<b>65 943,00</b>	<b>100 726,00</b>

31.12.2013/24.1.2014

*Helen Hær*

Bilag 268, kr 1330,-, er fort på fiskekonkurransen, men kommentar bilag viser hundefor, elles ingen merknad til rekneskaper.

11.02.2014. Fuge Jetti Gunnarsæter

# Styret og tillitsvalde i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2013

Forklaring: A = på val 2014 B = ikke på val 2014

## Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
B	Leiar	Svein Inge Lundheim		90605267
A	Nestleiar	Ole Simen Nesdal	<i>attval</i>	99607677
A	Kasserar	Håkon Nesse	<i>attval</i>	97511639
B	Sekretær	Kjell Erik Strand		95191905
B	Varamedlem	Sverre Fjøsne		90639848
A	Kvinnekontakt	Marianne Vara	<i>Ingeborg Sivertstøl</i>	41530961

## Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun	<i>attval</i>	90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum	<i>attval</i>	91333305
B	Medlem	Per Norstein		48182680
B	Medlem	Terje Verlo		41525303

## Fiskeutval:

B	Leiar	Jan Magne Vigdal		95259791
A	Medlem	Lounes Riise	<i>attval</i>	92297925
B	Medlem	Kevin Viken		95195443
A	Medlem	Eivind Røysum	<i>attval</i>	95927891

## Leirduebaneutval:

A	Leiar	Svein Inge Lundheim	<i>attval</i>	90605267
A	Medlem	Odd Reksnes	<i>attval</i>	95758559
B	Medlem	Nils Olav Langeteig		90881288
B	Medlem	Emil Røysum Skartun		47641028

## Ungdomsutval:

B	Leiar	Kjetil Berg		90277167
B	Medlem	Bjørn Ove Steig		90740719
A	Medlem	Steinar Henjum	<i>Inger Ness</i>	91856654
A	Medlem	Ole Simen Nesdal	<i>attval</i>	99607677

## Hundeutval:

B	Leiar	Jon Husabø		91308911
B	Medlem	Bjørn Monsen		90590848
A	Medlem	Øyvind Husabø	<i>Oliver Prøven</i>	97155161
A	Medlem	Kurt Langeteig	<i>Odd Rune Våge</i>	95089899

## Revisor:

A		Sverre Fossen	<i>attval</i>	95841004
B		Inge Yttri		90593596


## Valkomite:

B	Leiar	Kurt Langeteig	<i>Kjetil Berg</i>	95089899
B	Medlem	Kjetil Berg	<i>Terje Verlo</i>	90277167
A	Medlem	Terje Verlo		41525303



# Leikanger Jakt- og Fiskelag

## Medlemsutvikling 1999-2013



**NB! Fiskeaktivitetar som inngår i "Sportsfiskes år" er merka med blått.**

## Aktivitetar 1. halvår 2014, Leikanger Jakt- og Fiskelag

Januar 2014	Februar 2014	Mars 2014	April 2014	Mai 2014	Juni 2014
13. Fuglekassebygg. 18:00	3. Jegerprøven 18:00	2. Isfisketur 12:00-15:00	1. Opning bane 18:00	5. Trening/leirdue 18:00	1. Blodspor konkurranse
20. Fuglekassebygg. 18:00	24. Jegerprøven 18:00	3. Jegerprøven 18:00	3. Trening/leirdue 18:00	7. Trening/leirdue 18:00	2. Trening/leirdue 18:00
27. Jegerprøve 18:00	25. Medlemskveld 18:00	17. Jegerprøven 18:00	7. Jegerprøve 18:00	11. Livet i Pilavika 12:00	4. Trening/leirdue 18:00
	28. Årsmøte 19:00	24. Jegerprøven 18:00	9. Trening/leirdue 18:00	12. Trening/leirdue 18:00	9. Vårsprellen 12:00
		28.-29. årsmøte njff s. fj.	14. Trening/leirdue 18:00	14. Trening/leirdue 18:00	<b>10. Barnehagen-Flotande</b>
		31. Jegerprøven 18:00	16.Trening/leirdue 18:00	18. Jaktskytingens dag	11. Trening/leirdue 18:00
			23.Trening/leirdue 18:00	19. Trening/leirdue 18:00	<b>15. Fiskedag for jenter</b>
			24. Jegerprøve-100m	21. Trening/leirdue 18:00	16. Trening/leirdue 18:00
			28. Jegerprøve-leirdue	23. Skyting m/speidaren	<b>17. 7.klasse- Flotande</b>
			29.Trening/leirdue 18:00	25. Indre Sogn Cup	18. Trening/leirdue 18:00
			30.JegerprøveBalestrand	26. Trening/leirdue 18:00	23. Trening/leirdue 18:00
				28. Trening/leirdue 18:00	25. Trening/leirdue 18:00
				? Aversjon/Ei-halsband	30. Trening/leirdue 18:00

## Aktivitetar 2. halvår 2014, Leikanger Jakt- og Fiskelag

<b>Juli 2014</b>	<b>August 2014</b>	<b>September 2014</b>	<b>Oktober 2014</b>	<b>November 2014</b>	<b>Desember 2014</b>
2. Trening/leirdue 18:00 <b>6. Fiskesommer 12:00</b>	2.Fiskekonk Fjærlandsete 4. Trening/leirdue 18:00 6. Trening/leirdue 18:00 11. Trening/leirdue 18:00 12. Duell - 200M 17:00 13. Duell – leirdue 17:00 13. Lagm. jegertrap 17:00 18. Trening/leirdue 18:00 <b>19. Kurs i flugekasting</b> 20. Lagm. sporting 17:00 22.-24. Fisketur til Hallingskeisanden m/Barnasturlag 25. Trening/leirdue 18:00 27. Trening/leirdue 18:00	1. Trening/leirdue 18:00 3. Trening/leirdue 18:00 <b>7. Praktisk flugefiske-tur</b> 8. Trening/leirdue 18:00  23.Garnfiske-barnehagen 24.Garnfiske-barnehagen  <b>? Aversjon/El-halsband</b>  <b>? Parteringskurs</b>	4. Stend-fruktbaredagar  <b>? Pølsekurset</b>	?. Medlemskveld  ?. Fellefangst-mår  <b>? Åtejakt på rev</b>	?. Medlemskveld  ? Røyking av laks/aure  <b>NB!!</b> <b>Sportsfiskes år 2015</b> <b>22.feb. isfiske</b> <b>7.april kurs i sjøaurefiske</b>

# **Årsmøtereferat Leikanger Jakt- og Fiskelag, lagshytta på Kleppa 28.februar 2014 kl.19:00**

**Desse møtte:** Svein Inge Lundheim, Ingeborg Sivertstøl, Odd Rune Våge, Vidar Frækaland, Ivar Ness, Leif Frækaland, Håkon Nesse, Bjørn Ove Steig, Per Sivert Nesdal, Per Norstein, Jon Husabø, Per Olav Henjum, Bjarne Sjøthun, Kjetil Berg, Øyvind Njøs, Terje Verlo, Kevin Viken, Jørn Fosen Simonsen, Kjell Erik Strand

Alf Erik Røyrvik, ungdomsansvarleg NJFF Sogn og Fjordane informerte om nytt frå NJFF.

## **SAKLISTE:**

### **1. Godkjenning av møteinkalling.**

Ingen merknad

### **2. Val av møteleiar og skrivar.**

Møteleiar: Svein Inge Lundheim

Skrivar: Kjell Erik Strand

### **3. Val av to personar til å skriva under møteprotokollen.**

Val: 1. Bjarne Sjøthun  
2. Per Norstein

### **4. Årsmelding 2013**

Ingen merknad

### **5. Rekneskap 2013**

Rekneskapen vart godkjend

### **6. Val.**

Innstilling frå valnemnda:

#### **Styret:**

Nestleiar:	Ole Simen Nesdal	attval
Kasserar:	Håkon Nesse	attval
Kvinnekontakt:	Ingeborg Sivertstøl	ny

#### **Jaktutval:**

Leiar:	Bjarne Sjøthun	attval
Medlem:	Per Olav Henjum	attval

#### **Fiskeutval:**

Medlem:	Lounes Riise	attval
Medlem:	Eivind Røysum	attval

#### **Leirduebaneutval:**

Leiar:	Svein Inge Lundheim	attval
medlem:	Odd Reksnes	attval

#### **Ungdomsutval:**

Medlem:	Ole Simen Nesdal	attval
Medlem:	Inger Ness	ny

#### **Hundeutval:**

Medlem:	Odd Rune Våge	ny
Medlem:	Oliver Prøven	ny

**Revisor:**

Sverre Fossen

attval

Alle val vart gjort samrøystes i samsvar med valnemnda si innstilling.

**Innstilling frå styret på valnemnd:**

Leiar : Kjetil Berg  
Medlem: Terje Verlo  
Medlem: Kevin Viken

Alle vart valt samrøystes.

**7. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.**

Forslag frå styret:

Svein Inge Lundheim, Ole Simen Nesdal og Ingeborg Sivertstøl

Alle vart valt samrøystes.

**8. Medlemskontigent 2015**

Framlegg frå styret:

Ingen endring av kontingensten for 2015

Samrøystes.

**9. Info. om aktivitetar i 2014.**

- Aktivitetskalender vart delt ut og gjennomgått. Aktivitetar knytt til "Sportsfiskets år" vert orientert om seinare.
- Det vart orientert om dugnadsarbeid på Kleppa der det er plan om ferdigstilling av sportianlegg våren/somaren 2014.
- Det vart informert om hjortejakt i Luster der vi held fram med hjortejakt. Grunneigar har plan om å bygge jakthytte oppe i terrenget.
- Ny fangstkonkurranse i regi av NJFF- Sogn og Fjordane.
- Info. om planlagt samarbeid med Systrand Grunneigarlag.

**10. Innkomne saker.**

Ingen saker.

Årsmøtet slutt kl. 20.30

Servering av hjortekarbonadar laga av Kjetil Berg

Framsyning av jaktfilm om revejakt.

Underskrift:

Bjarne Sjøthun

Bjarne Sjøthun



Per Norstein